

Ror norskekysten for å koma i form

I komande veke legg Bjørn Tomren ut på rotur heile norskekysten til endes. Og kanskje får han rohjelp av Ole Paus og Morten Abel.

KNUT LANGELAND
knut.langeland@bt.no
foto FRED IVAR UTSI KLEMETSEN

Tidlegare har han gått Noreg på langs til fots og på ski, og han har padla frå Nordkapp til Lindesnes.

– Det er liksom det siste eg har att å gjera av slike Noreg på langs-greier, seier Tomren.

Litt dvask ...

Han lever ikkje heilt opp til imaget av den typiske langdistanseroaren. Snarare litt dvask ser han ut, der han for første gong tek farkosten han skal ro med, ein rykande nybygd oselvar, i augnesyn. Langt på veg stadfestar han sjølv førsteintrykket.

– Eg brukar å gjera slike saker som dette ein gong kvart andre år. Då merkar eg at forma er slik at eg treng byggja meg opp att fysisk.

Polkabjørn

Bjørn Tomren er for mange kjend som Polkabjørn, den eine halvparten av duoen Polkabjørn og Kleine Heine. Bjørn lever av å jodla, men no tek han to månaders pause frå konsertprogrammet. 6. august er neste gong han står på scena. Han reknar med at han då skal vera framkomen, eller iallfall nær nok til å ta eit avbrekk som ikkje kostar for mykje. I Lange-sund skal konserten vera.

Ingen ordførar-dåp

I går vart altså båten overlevert, og det var byggjaren sjølv, Hallgeir Forstrønen Bjørnevik, som stod for overleveringa. Den skjedd med ein lite prangande seremoni på parkeringsplassen utanfor hurtigruteterminalen



JODLA EIN SNUTT: Bjørn Tomren, også kjend som Polkabjørn, jodla ein snutt til ære for oselvaren han fredag vart den stolte eigar av. I neste veke reknar han med å vera undervegs på roturen frå Nordkapp til Lindesnes.

på Nøstet, like før båten vart heist om bord for å frakstast til utgangspunktet nærast mogeleg Nordkapp.

I same slengen vart båten døypt. «Margrete», heiter han, og det var Mette Gjerde som var gudmor. Kulissane var ikkje like glamorøse som ved den vidt kringkasta skipsdåpen på nasjonaldagen, og Trude Drevland skal ikkje ha vore aktuell til å knusa sjampanjen, eller skvetta øl frå eit ausefat, som i dette tilfellet var det som høvde seg. Det einaste som knyter dei to gudmødrene saman, er at dei begge jobbar i kommunen.

– Og Mette er det næraste eg kjem familie her i byen, seier båteigaren frå Romsdalen.

Turen som ligg framfor Bjørn Tomren, er lang og



INSPEKSJON: For første gong tek Bjørn Tomren farkosten han skal ro med, ein rykande nybygd oselvar, i augnesyn.

krevjande, men 34-åringen har til no ikkje brukt mykje krefter på å førebu seg.

– Eg byrjar roleg, og så aukar eg dagsetappane og

intensiteten etter kvart. Eg har tenkt å ro meg i form, seier Tomren, som tippar at det lengste han til no har rodd samanhengande kan vera

rundt ein kilometer. Heime på Tomrefjorden ein gong i oppveksten.

Slik sett liknar han ikkje mykje på Kjell Tore Solvang, som nett no ror frå svenskegrensa til russaregrensa, men han håpar å møte soloroaren frå Askøy ein plass i leia.

Paus og Abel

Tomren skal ha mannskap undervegs, ein om gongen. Ein kamerat frå Tomrefjorden let seg truleg overtala til å hjelpe. Elles er artistkollegaer som Ole Paus og Morten Abel mellom dei som har meld seg.

– Eg gler meg veldig. Eg gjer dette litt for å sleppa unna kjas og mas, og no når eg har fått av garde sjølvmeldinga, kjenner eg at eg treng å koma meg vekk og berre nyta naturen, seier Bjørn Tomren.



BÅTBYGGJAREN: Bjørn Tomren (til v.) saman med byggjaren sjølv, Hallgeir Forstrønen Bjørnevik, som stod for overleveringa.



Stoltz Entreprenør AS ble etablert i 1905 og er et tradisjonsrikt firma med fokus på fremtid og videre utvikling. Vi utfører oppdrag innenfor områdene: Total- og hovedentrepriser, grunn- og betongarbeider, brannsikring, demolering, boring og saging i betong og rehabilitering. Konsernet STOLTZ driver også utvikling, salg og oppføring av boliger i egenregi gjennom datterselskapet Stoltz Bolig AS. STOLTZ holder til på Laksevåg i Bergen. Vi har i dag 120 medarbeidere, og omsetter årlig for rundt 300 mill.kr.

På grunn av økende oppdragsmengde søker vi etter:

Anleggsleder med solid erfaring fra betongkonstruksjoner

Vi søker en selvstendig og erfaren anleggsleder som ønsker å delta i gjennomføring av spennende prosjekt. Du bør være resultatorientert og handlekraftig samt ha gode lederegenskaper.



For mer informasjon se www.stoltz.no eller www.headvisor.no

For mer informasjon kontakt adm. dir. Per Christian Stoltz tlf. 951 901 99 eller vår rådgiver Bjørn Horne tlf. 911 61 390 hos Headvisor. Kortfattet søknad med CV sendes snarest og innen 05.06.2015 via headvisor.no/stillinger. Alle spørsmål til vår rådgiver blir behandlet fortrolig inntil annet er avtalt.

